



Banner eller vimplar er eit godt synleg profileringstiltak.

**Fire vimplar i ulike fargar er alt godt synlege langs Fylkesvegen i sentrum. Teksten er VELKOMEN ( med eit smil ) og USKEDALEN. Janne Hjørnevåg står for design og Metro har produsert vimplane. Tilsaman er det laga åtte vimplar. Det kjem to i kvar ende av bygda i denne veka.**

Bruk av banner og vimplar er eit effektiv og godt synleg profileringstiltak. Fargane er bevisst valde ut frå at alle skal sjå teksten. Anten ein kjem frå Rosendal eller frå Husnes, vil alle merka seg teksten VELKOMEN og USKEDALEN.

I den tida Festidalen vert skipa til, vert vimplane demonterte, for å gje plass til vimplane deira på dei same lysstolpane. Gunn Mari Moberg i Uskedal utvikling saman med Janne Hjørnevåg er ideskaparane og ansvarlege for tiltaket.

Verksemdene Auto 88 og Selstad har vore med som sponsorar. Takk for all støtte.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Teksten på vimplane i ulike fargar er anten VELKOMEN eller USKEDALEN.